



Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk kirkeråd
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

Dato: 21.03.2018

Vår ref: 18/00220-5

Dykkar ref:

Høyrings svar om justering av hovudgudstenesta og allmenne føresegner

Høyrings svar frå Bjørgvin bispedømeråd, vedtatt på møte 21. mars 2018

Bjørgvin bispedømeråd vil ikkje at Forbøn vert tatt ut som ein hovuddel i gudstenesta. Dette vil vera i strid med vår evangelisk lutherske liturgitradisjon.

Høyringstema 1: Korleis auka kvaliteten og talet på deltakarar i gudstenesta.

1a: Korleis meiner de gudstenestereforma har påverka gudstenestelivet i dykkar bispedøme og i Den norske kyrkja?

Bjørgvin bispedømeråd meiner statistikken talar sitt tydelege språk. Det er ikkje sikkert at gudstenestereforma er ei årsak til nedgangen, men den ser samstundes ikkje ut til å ha vore noko bidrag til større og breiare gudstenestedeltaking. Gudstenesta har tatt eit steg bort frå å vera allmenn og kjent slik at skiljet mellom dei innanfor som kan dei skiftande kodane og dei utanfor er blitt større. Samstundes er det mange gode lokale forteljingar om auka involvering og deltaking, særleg der ein har andre samlingar enn gudsteneste. Det kan sjå ut som om det ikkje er gudstenesta, men andre typar samlingar i kyrkjelyden som rekrutterer til gudstenesta.

Me har og registrert at mange er trøytte av prosessen og endringane og dei mange alternativa og ynskjer seg ei fast og gjenkjenneleg gudsteneste: Som ein prest sa: «Gje meg noko fast, same kva!». Me ser og at mange prestar brukar mykje arbeidstid på å få laga ei ny gudsteneste kvar veke.

Ein del stader har det vore tatt til orde for felles ordningar i prostiet, men dette har ein ikkje støtta frå bispedømekontoret fordi det er imot prinsippet om stadeigengjering - kvar kyrkjelyd sin liturgi.

1b: Kva har fungert godt, og kva har fungert dårleg ved gudstenestereforma?

Involvering er blitt framheva som ein gevinst av gudstenestereforma, men inntrykket er at det var dei som var gode på involvering før som også er det no. Det er heller slik at innføringa av informasjon og samlingsbøn opnar ein ny stad for involvering av leke, sjølv om det mange stader er ein klokkarjobb meir enn involvering av nye personar. I praksis vert det ofte ikkje ei brei involvering av mange i kyrkjelyden, men ei mindre gruppe leke som har det som si teneste slik som før. Nokre kyrkjelydar involverer dåpsfølget i lesing av tekstar, men det er lite involvering andre stader i gudstenesta, sjølv om ein ved visse høve har leke til å delta i forbøna.

Statistikken fortel om eit auka tal på frivillige som er med på å førebu og gjennomføra gudstenester. Det er ein god tendens, sjølv om det er usikkert om det generelt har blitt mange fleire einskildpersonar involverte i førebuinga av dei einskilde gudstenestene etter innføringsperioden. Det er i alle fall blitt ei ståande utfordring til kyrkjelydane om å involvera både i førebuing og gjennomføring.

1c: Kva av dei momenta som er nemnt ovanfor meiner de me særleg bør retta vår merksemd mot i gudstenestearbeidet framover?

Undersøkinga frå Borg (s 8) er tankevekkande. På alle områder er det vesentleg lågare oppslutning blant menn enn blant kvinner. Det er og grunn til ta alvorleg at denne undersøkinga viser at 61% opplever gudstenesta som inkluderande, men berre 36% opplever gudstenesta som trusstyrkande. Ein må spørja seg om vektlegging på inkludering kan tenkast å ha ført til at ein i forkynninga av inkluderingsomsyn ikkje har utfordra eller talt tydeleg på ein måte som vert oppfatta trusstyrkande. Og er ikkje gudstenesta trusstyrkande, er det kanskje ikkje så rart at mange ikkje lenger går så ofte.

Her vil me gje kyrkjerådet rett i at ein må spørja etter forkynninga si rolle og spørja om preika har vorte nedprioritert. Sjølv om det er mange gode forkynnalarar i kyrkja, er svaret alt for ofte ja. Tida er inne for å gje større merksemd til forkynninga, spørja korleis forkynninga fungerer i dag og kva ein kan gjera for å heva kvaliteten – og så gjera det. Det er eit luthersk ideal at forkynninga ikkje berre skal opplysa og orientera om evangeliet, men aktivt nå ut til tilhøyrarane, gje dei lys over livet og tilseia evangeliet så dei kjenner det angår dei. I tillegg må ein sjå på dei delane av liturgien lar den einskilde vera med fordi ein gjenkjenner og kan orda, fordi dei er like kvar gong. Då talar orda sterkare. Det gjeld tilseiingsorda i nattverden, velsigninga og eg-formuleringar ein kan vera med på i samlingsbøn og syndsvedkjening.

Samstundes må ein spørja etter den diakonale sida ved gudstenesta, det som vert gjort for at folk, både trufaste og dåpsfølge, skal føla seg velkomen og vel, og det sosiale som t.d. kyrkjekaffi. Det er viktig for at folk skal ta til seg forkynninga og liturgien.

1d: Kva behov ser de for eit meir variert gudstenesteliv med ulike former for gudstenester?

Dei fleste andre former for gudsteneste vil ikkje vera hovudgudsteneste og treng ikkje då den same uniformering. Dersom den gamle gudstenesteboka frå 1992 med sine nattverd-gudstenester og gudstenester for særskilde dagar, t.d. påskennatt-gudsteneste kan brukast vil det oppfylla eit behov. Ut over det vil dei fleste andre gudstenester t.d. ungdomsgudstenester vera ad hoc som vart laga meir eller mindre ut frå lokale forhold. Andre faste gudstenester som t.d. Thomasmesse, Mukulamesse finst det liturgiar for.

Fleire stader får ein høyra at mangfaldet av gudstenester var større før fordi den tidlegare gudstenesteboka hadde mange faste gudstenester som var godkjent. No må ein ha ein omfattande prosess i soknerådet for å gjera det same. Mange har lokalt oppfatta at dei ikkje kan bruka desse utan soknerådsprosess og særleg prestar gjev uttrykk for at det var meir variasjon i gudstenestene før.

Når gudstenestetala no eintydig går nedover, må ein spørja seg om dette kan reparerast med endringar i liturgiane eller om det er andre ting som er viktigare. Det er vanskeleg å

seia kva dette andre er, og kanskje er det stadeigent kva som gjer at gudstenestene når fleire. Difor bør biskopen kunna ha høve til å gje dispensasjon til liturgisk utprøving i godt grunnjevne prosjekt som har som mål å auka gudstenesteoppslutninga.

I eit bispedøme som Bjørgvin, med mange små kyrkjelydar ser me behov for ei kort hovudgudsteneste som fungerer med få deltakarar og dårleg song. Ein full høgmesseliturgi der ingen syng, men den spreidde kyrkjelyden likevel må reisa seg for songen og gjennomføra alle ledd, kan gje ei dårleg gudstenesteoppleving. Difor skulle ein gjerne hatt ei kort hovudgudsteneste som og kan brukast på lekmannsgudsteneste. Det kan ordnast slik som i «Kyrkohandbok för Svenska kyrkan» der det er ei gudsteneste etter vanleg ordo, men der fleire ledd er markert som valfrie, ei slags minimumshovudgudsteneste.

Høyringstema 2: Allmenne føresegner for hovudgudstenesta

Høyringsspørsmål 2: Meiner de at det er behov for å justera eller presisera noko ved prosedyren for korleis kyrkjelyden sin lokale grunnordning vert utarbeidd og vedtatt (jf. Almennelike føresegner)? Kva bør endrast?

Vår erfaring med lokal grunnordning er at det er eit dokument som ikkje er i aktiv bruk i kyrkjelydane. Dei fleste har fylt ut eit skjema, men det er ut frå det vanskeleg å danna seg eit bilete av korleis gudstenesta faktisk er. I tillegg er erfaringa at det dei ein gong vedtok og laga protokoll på, ikkje er det som dei faktisk brukar i dag. Som oftast har ein gjort endringar utan å laga ei ny fullstendig grunnordning.

Den løysinga me har vald i Bjørgvin er: Det skal i kva kyrkje lagast ein fullt utskriven normalagenda, det vil seia eit dokument som viser høgmesseliturgien og har med det vanlegaste alternativet på dei ulike ledd, samlingsbøn, forbøn og nattverdbøn. Alternativ som er vedtatt av soknerådet og musikk kan stå i rubrikk. Det må vera skrive full ut slik at presten kan ha gudsteneste ut frå det og slepp å noko anna enn noter i tillegg.

Fordelen med ein slik normalagenda er at dokumentet i seg sjølv er nyttig for kyrkjelyden og presten. Det gjer at presten slepp å bruka mykje tid på å skriva ut ein ny liturgi for kvar gudsteneste, som altfor mange gjer no. Det gjer det lettare for ein vikar, fordi ein då får både den lokale liturgi og det som kyrkjelyden er mest van med. Når dette er eit elektronisk dokument kan det lett sendast, presten kan ha oversikt og det er lett for biskopen å sjå om gudstenesta er i samsvar med ordninga.

Innføring av ein normalagenda vil ikkje gjera det vanskeleg å variera når det er grunn for det og samstundes fremjar det ei «vanleg» lokal gudsteneste som kyrkjelyden kjenner igjen. I Bjørgvin er dette gjennomført i dei fleste kyrkjelydar og det viser seg at dette lettar arbeidet for vikarar og det lettar samhandling rundt gudstenesta. Og dei faste prestane veit at dei har ein fullt utskriven liturgi på alteret slik som den gamle alterboka for dei vekene som er så travle at ein ikkje har tid til å arbeida med liturgien.

Denne normalagendaen bør sendast inn til biskopen via presten etter ein slik revisjon som det vert lagt opp til etter denne høyringa.

Høyringstema 3: Justeringar i hovuddel I. Samling, ledd 1 – 8

Høyringsspørsmål 3 j: Gje eventuelt andre kommentarar til høyringstema 3?

3a: Ledd 1 Førebuing:

Bjørgvin bispedømeråd er samde i intensjonen om at kyrkjerommet normalt er ope ei stund før gudstenesta, men vil ikkje gjera det til eit absolutt påbod. Det bør stå: «Kyrkjerommet bør vera ope ei stund før gudstenesta» eller «Kyrkjerommet er normalt ope ei stund før gudstenesta».

3b: Ledd 1 Førebuing:

Når dei fleste kyrkjelydar nyttar agenda på papir eller PowerPoint på veggen er det eigentleg ikkje noko behov for informasjon fyrst, det som er viktig for gudstenesta kan få plass der. Dersom det likevel skal vera informasjon, er me samde i at det er behov for å understreka dette ikkje ei helsing eller kunngjering, men kort informasjon og at dette bør stå i rubrikken.

3c: Ledd 2 Inngangssalme:

Det bør ikkje vera obligatorisk å stå på fyrste salme. Det kan stå bør. I små kyrkjelydar, som det er mange av i Bjørgvin, vil det kunna oppfattast som pinleg dersom få deltakar som ikkje syng må reisa seg under salmen. Her bør ein få ha ein stadeigen praksis. Dersom det er prosesjon inn med dåpsfølge vil det verta oppfatta annleis, då bør det vera vanleg praksis. Det bør vera eit mål at ein arbeidar med typen salme og stemninga i kyrkjerommet så det er naturleg å stå, ikkje at det vert obligatorisk.

3d: Ledd 3 Helsing:

Bjørgvin bispedømeråd ser ikkje sterke grunnar til å endra ei innarbeidd nemning for dette leddet.

Me er heilt samde i at det ikkje må koma informasjon to stader i starten. Dersom det skal seiast noko i starten av gudstenesta bør det koma her, liturgen som skal leia oss gjennom gudstenesta kan seiast noko om det som skal skje, ikkje som informasjon, men som invitasjon til feiring. Det bør ikkje seiast velkomen som om presten er vert, det er ei felles feiring som skal understrekast. T.d. «I dag på 3 sundag i påsketida skal me få feira gudsteneste med nattverd saman og feira at Martin og Jorunn vert boren til Gud i dåpen.»

Høyringsspørsmål 3e: Er de samde i at samlingsbøna ikkje lenger blir obligatorisk, men eit valfritt ledd?

3e: Ledd 4 Samlingsbøn:

Me er heilt samde om at samlingsbøna ofte, og særleg når det er prosesjon inn, kjem etter at gudstenesta er i gang og mister sin funksjon og difor bør vera eit kan-ledd. Når det ikkje lenger er eit obligatorisk ledd bør det vera opning for at samlingsbøna kan koma heilt fyrst når det ikkje er informasjon slik som den gamle klokkearbøna. Alt no fungerer avslutninga av informasjonen som eit bøneledd: «Lat oss vera stille for Gud!».

Det er viktig at samlingsbønene verkeleg er samlande og speglar kyrkjegjengarens situasjon ved inngangen slik den gamle klokkearbøna gjer. Nokre av dei er så generelle at dei like gjerne kunne vore plassert i forbøna, det gjeld og framlegget til ny samlingsbøn nr 9.

Bispedømerådet støttar vurderinga av at etter at Kyrkjemøtet i 2011 gav høve til å leggja syndsvedkjenninga til innleiingsdelen, og ein vedtok å laga bøner til Dagens bøn/ Kollektbøn, er det ikkje lenger like naudsynt å ha ei samlingsbøn. Det er og ein fordel for flyten i gudstenesta at det ikkje er fleire enn to bøneledd før preika.

Høyringsspørsmål 3 f: Har de endringsforslag eller kommentarar til leddet syndsvedkjenning i høyringsforslaget?

3f: Ledd 5 Syndsvedkjenninga

Bjørgvin bispedømeråd støttar ynsket om ei meir luthersk syndsforståing og meiner at den tradisjonelle, nr 6 frå 1977-liturgien, oppfyller det kravet og framleis må vera eit alternativ.

Dei nye syndsvedkjenningane bør, i tråd med den lutherske teologi ein ynskjer, vera i 1.p.eintal, eg-form. Det er kvar og ein av oss syndar oss som må få tilgjeving. Likevel vil me halda på vi-forma i syndsvedkjenning nr 3 som er henta frå familiegudstenesteliturgien, fordi den er laga for born som ikkje treng å ha same individuelle syndsmedvit som vaksne.

Argumentet om at ein er eit «felles 'vi' av tilgitte og elskede syndere» er merkeleg, det gjeld jo fyrst etter at kvar og ein har hatt eit møte med den nådige Gud og fått tilgjeving. Tilgjevninga er jo også gjenoppretting av fellesskap som er brote både mellom menneske og mellom menneske og Gud. Dersom ein vil ha inn vi-fellesskapet kan det koma i innleiinga til syndsvedkjenninga.

Bjørgvin bispedømeråd støttar at ein reduserer innleiinga til syndsvedkjenninga til ein variant, men me er redd for at ordet «barmhjertighet» og «miskunn» kommuniserar dårleg i dag. Orda er lite brukte i daglegtalet og det viser seg at konfirmantar ofte ikkje forstår dei. Difor er det betre å bruka ordet i «nåde» i introduksjonssetninga.

Vårt framlegg er at ein i staden for å ha vi-form i syndsvedkjenninga markerar vi-et ved innleiinga ved formuleringa: «Vår Gud er rik på nåde og miskunn!» eventuelt «Vår Gud er ein nådig Gud» i staden for «Guds miskunn er stor». Både Hebr 4.16 og 2.Mos 34,6 kombinerar nåde og miskunn i vers som handlar om å koma fram for Gud.

Me støttar at høve til å ha ei lokalt utforma syndsvedkjenning fell vekk då det viser seg at synda ikkje er stadeigen.

3g: Ledd 6 Bønerop kyrie

Det viser seg at val av kyrie som oftast vert gjort ut frå melodi og ikkje ut frå tekst, særleg for dei som er henta frå salmeboka. Når ein vil gjera dette obligatorisk for å skapa gjenkjenning må det vera færre variantar og då er det rimeleg å avgrensa desse til den godkjente liturgiske musikken.

3h: Ledd Lovsong gloria

Bjørgvin bispedømeråd støttar framlegget om å ha same ordning som for kyrie. Det er likevel viktig at ein ved einskilde gudstenester kan erstatta gloria med ein annan lovsong, men ein bør begrensa det til ein for ikkje å leggja til rette for ein lovsongsavdeling som forlenger gudstenesta og hindrar flyten i liturgien. Når ein hentar kyrie og gloria frå ulike musikkjangrar kan overgangen frå klage til jubel vera brå, særleg når presten sin vekselsong ikkje er med og formidlar overgangen, så ein kunne tenka seg at ei lita stille mellom dei kunne hjelpa.

Høyringsspørsmål 3i: Er de samde i at ledd 8 Dagens bøn blir obligatorisk i alle hovudgudstenester, og ikkje eit valfritt ledd?

3 i: Ledd Dagens bøn

Dagens bøn/Kollektbøn vil styrka kyrkjeåret ved at dagane får tema i bønna. Samstundes inneber bruk av Dagens bøn at samlingsbønna bør falla vekk fordi det ikkje må koma fleire bøner og ledd som gjer at gudstenesta verkar lenger.

Björgvin bispedømeråd er delt i spørsmålet om Dagens bøn skal vera obligatorisk. 5 røysta for at det er gode grunnar til at når ein fyrst har ei Dagens bøn/Kollektbøn skal denne vera obligatorisk. 5 røysta for at dette bør vera eit kan-ledd.

Høyringstema 4: Justeringar i hovuddel II. Ordet, ledd 9 – 17

Høyringsspørsmål 4: Har de endringsforslag eller kommentarar til hovuddel II. Ordet?

Björgvin bispedømeråd ser ingen grunn til å ta vekk «Gud vere lova!» som kyrkjelydssvar der det er innarbeidd og fungerer godt. Det bør vera eit alternativ, men det bør ikkje vera obligatorisk.

Me ser i mange kyrkjelydar at det er vanleg at dei to fyrste lesingane kjem rett etter kvarandre utan salme mellom, særleg når det er dåp.

Dersom ein skal gjera hallelujaleddet før evangelieleinga fast, bør det vera det frå 1977-liturgien som har vist sin slitestyrke: «Gud vere lova, halleluja, halleluja, halleluja!», og ikkje noko lenger vers. Sidan dette er lovprisinga av evangeliet kan det og syngast i fastetida, men ein støttar framlegget om at eit anna kort fastevers kan veljast. Etter lesinga bør det vera valfritt slik at ein kan gå rett over i preika, men det kan syngast eit vers, t.d. eit kort hallelujavers, eit salmevers eller eit høgtidsvers på høgtidsdagar.

Lovprisinga etter preika bør ha ei form som er lik for alle. Bruk av ein alternativ formel i staden for den trinitariske vil verka meir som ei politisk markering enn ei lovprising på slutten av peika. Skal den alternative treledda formuleringa brukast, må den brukast på same måte som ein no har opna opp for i starten (4. alt.), saman med ei fullverdig trinitetsformel. Men det er nok at dette alternativet kan brukast i starten av gudstenesta, det treng ikkje brukast i preika og.

Me er samd i at bønemandring er ein del av forbøna og må avsluttast før nattverden. Dette vil understreka at nattverden er ei felles handling og felles lovprising der me mottar frå Gud, sakramentalt, medan forbøn og bøner handlar om at me gjev våre bøner til Gud, sakrifisielt. Samstundes må det vera rom for at den einskilde etter å ha mottatt nattverd kan tenna lys og be ved lysglobe/sidealter som ein del av sin personlege fromhetspraksis rundt nattverden. Det kan verka trusstyrkande.

Björgvin bispedømeråd er ikkje samd i at høvet til tydeleg å avslutta takkofferet før innleiinga til nattverddelen vert teke bort.

Høyringstema 5: Justeringar i hovuddel III. Nattverd, ledd 18 –21

Høyringsspørsmål 5e: Har de kommentarar eller endringsforslag til ledd 19 og 20 i høyringsforslaget?

Observasjonar frå kyrkjelydane i Björgvin stadfester inntrykket av at når ein har oftare nattverd vert det oftare kollisjonar med dåp, noko som fører til at gudstenesta vert opplevd som for lang. Det er då ofte nattverden ein ynskjer å kutta ned på, og det fører til at mange vel «Nattverd for særskilde høve» som standard fordi den er kortast. Då mistar ein den gjenkjenning det er når all nettverdfeiring i hovudgudsteneste startar med prefasjonsdialogen. Difor helsar me velkomen at dette alternativet fell vekk og at det i staden kjem ei meir fulltonande, men likevel kort nattverdliturgi med prefasjonsdialog som er laga for gudstenester med både dåp og nattverd. Samstundes må ein nok koma med klare tilrådingar for kva ein skal kutta ned på når gudstenesta vert opplevd som for lang.

5d: Ledd 19 Takkseiing og bøn og 5e: Ledd 20 Nattverdmåltidet

Bjørgvin bispedømeråd ser ikkje noko trong for å endra måtane å dela ut nattverd på. Der har det utvikla seg stadeigne praksisar.

Høyringsdokumentet seier at ein bør gjera gudstenesta meir trusstyrkande. Ein måte er å gjeninnføra som eit alternativ at tilseiingsorda kjem etter kvart knefall slik den einskilde kneler for Gud både når ein tar imot brød og vin og når ein høyrer tilseiingsorda, så det vert ei samanhengande hending for den deltakande. Det gjer det meir personleg og kan vera eit godt alternativ ved mindre nattverdfeiringar. Det forlenger heller ikkje nattverden mykje, men opplevinga kan vera større.

Tilseiingsorda/erklæringsorda må ikkje reduserast, då vil ein mista både ei avgjerande teologisk tyding av nattverdhendinga og sambandet til Golgatahendinga. Bjørgvin bispedømeråd støttar at framlegget om redusert tilseiingsord/erklæringsord ikkje vert tatt inn i liturgien og at ein har same tilseiingsord i alle nattverdliturgiane.

Det er naturleg at ein byter ut eit gamalt og kjært, men kommunikasjonsmessig dårleg ord som «kalk» og fylgjer bibelomsetjinga og bruker «beger».

Av same grunn er det logisk å bruka «kropp» i staden for «lekam», men bae ord er i bruk og kommuniserer, og det er difor ikkje like sjølv sagt at ein må byta ut av kommunikasjonsomsyn. Likevel bør det vera konsekvent bruk i sjølve liturgien slik at det Jesus gjev til sine læresveinar i innstiftingsorda er det same som ein gjev nattverddeltakarane i utdelingsorda. Då er det eit rimeleg argument at ein bør fylgja bibelomsetjinga. Er det ulike ord, kan det bidra til å avsvekka realpresensen.

Me støttar og at ein held fast på å ha med både brød og vin i Brødsbrytinga, det styrker tanken om realpresens.

5f: Ledd 21 Måltidets avslutning

Bjørgvin bispedømeråd er samd i endringa, at liturgen og ikkje kyrkjelyden seier «Vi bed deg».

Høyringstema 6: Justeringar i dei einskilde nattverdbønene

Høyrings spørsmål 6: Gje gjerne kommentarar eller endringsforslag til nattverdbønene.

At nattverdbøn B vert utvida og at ein tar inn Johannesliturgien frå Gudstenesteboka av 1992 imøtekjem alle dei som har ynskt lenger liturgiar og Bjørgvin bispedømeråd støttar dette. Samstundes er det godt at det kjem ei kortare nattverdbøn for dei som ynskjer det. Det står at denne er for særskilde høve, til dømes når det er mange dåp, men det inneber i realiteten at dette vert standardliturgien i mange kyrkjelydar som har mange dåp. Nettopp difor burde denne liturgien knyta ei linje til dåpen. Anten burde den setninga i nattverdbøn E som knyter saman dåpen og nattverden vera med, eller det fyrste alternativet til nattverdbøn i den noverande «Nattverdordning for særskilde behov» vera med. Den seier: «Gjennom dåpsvatnet fridde du oss ut frå mørkets makt og gav oss del i Jesus Kristus, Son din.»

Skulle me peika på ein svakhet med vår nattverdfeiringa, er det at realpresensen ikkje vert tydelegare oppfatta i vår lutherske kyrkje. Mange kyrkjegjengarar, og særleg konfirmantar, oppfattar nattverden som eit symbolsk minnemåltid fordi ordet «minne» vert brukt og «mysteriet» handlar ikkje om at Jesus er her.

Bjørgvin bispedømeråd meiner difor at det er godt at dei nye nattverdbønene F og G har ei tydeleg formulering i epiklesen: «..så vi i (takk og) tru kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.» Denne formuleringa finst frå før i nattverdbøn A og dette burde vera ei standardformulering i alle nattverdbønene for å understreka at Jesus er tilstades og det er han me tar imot.

Høyringstema 7: Justeringar i hovuddel IV. Sending, ledd 22-25

Høyringsspørsmål 7: Har de kommentarar eller endringsforslag til hovuddel IV. Sending?

Ledd 22. Salme

På same måte som med inngangssalmen kan ein tilrå at kyrkjelyden står under siste salme, men det bør ikkje vera obligatorisk, særleg med tanke på dei små kyrkjelydane.

Ledd 24. Utsending

Gudstenesta er slutt med velsigninga og velsigninga bør prinsipielt vera dei siste orda som lyder. Det er ikkje naudsynt å gjenta ordet fred når det har lydd i velsigninga, og enno eit kyrkjelydssvar som skal gjennomførast på slutten vil ta merksemd frå velsigninga. Ein kan likevel, etter eit postludium, bruka det tradisjonelle «Gå i fred, ten Herren med glede!» når liturgen sjølv går frå koret. Alt som er meir enn dette vil lett bli oppfatta som «enno meir tekst», sjølv om det er aldri så gode skrivebordsintensjonar eller bibeltekstar. Det føreslåtte tekstane bør ikkje tas inn i hovudteksten, til nød kan dei bli ståande i rettleiinga. Når kyrkerådet i høyringsdokumentet seier at det er viktig med færre alternativ som kyrkjelyden skal seia, er det viktig at dette vert følgd opp her slik at avslutninga på gudstenesta ikkje vert ordrik.

Oppsummering:

Bjergvin bispedømeråd meiner at:

- Forbøn framleis skal vera hovuddel III i gudstenesta og ikkje ein del av Ordet.
- Biskopen bør ha høve til å gje dispensasjon til liturgisk utprøving
- Det er behov for ei kort hovudgudsteneste som fungerer i små kyrkjelydar med få deltakarar og dårleg song
- Ein normalagenda bør sendast inn til biskopen via prosten for godkjenning
- Det ikkje skal vera obligatorisk:
 - At kyrkjerommet er ope før gudstenesta
 - At ein skal stå på fyrste salme
 - At ein skal stå på siste salme
 - Med samlingsbøn
 - Med halleluja etter evangelieleasing
- Informasjon om gudstenesta skal normalt stå i agendaen/på PowerPoint ikkje vera eit fast ledd i gudstenesta, men kan-ledd. Liturgen bør informera om dagen.
- Inngangsordet treng ikkje skifta namn til Helsing
- Innleiinga til syndsvedkjenninga bør vera i vi-form og ha med ordet «nåde»
- Dei nye syndsvedkjenningane skal ha eg-form
- Det ikkje skal vera høve til lokalt utforma syndsvedkjenning
- Dagens bøn – 5 vil ha den obligatorisk, 5 vil ha den som kan-ledd
- Ein skal framleis kunna ha takkoffer skilt frå nattverden (dagens ledd 18)
- Tilseiingsorda må ikkje reduserast og skal kunna tilseiast etter kvart knefall
- «Kalk» vert erstatta med «beger»
- «Kropp» bør nyttast i staden for «lekam» i samsvar med bibelomsetjinga
- Prefasjonsdialogen skal vera obligatorisk i alle nattverdbøner
- Ny kort nattverdbøn G må nemna dåpen
- Realpresensen bør uttrykkast eksplisitt i alle nattverdbøner
- Etter velsigninga bør det ikkje vera fleire kyrkjelydssvar eller lange formuleringar..

Med helsing

Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Høyringsvar om justering av hovudgudstenesta og allmenne føresegner

Mottakarar:
Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk
kirkeråd

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO